Dette er eit annonsebillag på 16 sider som vi laga opp mot denne spesielle handlefredagen og handleveka i november på 16 sider. Dette vart første gong laga i 2016.

5. desember: «Julemagasin»

Dette er eit magasin med redaksjonelle førjulsaker og juleannonsar på 28 sider som vi har laga i mange år, og som er ein del av ein annonsepakke som vi avtalar med lokale kundar.

Her har vi fleire redaksjonelle saker om juleførebuingar.

8. desember: «Andrea-billag»

Dette var langt ifrå planlagt magasin. Når ein lokal 16.-åring var med heilt til finalen i det populære TV2-programmet The Voice så kasta vi oss rundt å laga eit «Heia Andrea»-billag på fire dagar.

Vi bestemte oss søndag og starta jobben måndag morgon. Og torsdag klokka 14.00 var billaget på 20 sider sendt til trykkeriet saman med den ordinære fredagsavisa. Dette vart sendt ut som legg 2 til avisa.

Redaksjonelt laga vi ein del saker rundt det unge songtalentet Andrea Stønjum Santiago og finalen som skulle skje laurdagen. Det blei nok langt fleire saker enn vi ville hatt i den ordinære avisa. Men vi fekk enormt gode tilbakemeldingar på det og meiner resultatet vart godt.

Annonseavdelinga ringde rundt til næringsliv, kommunar og andre og selde Andrea-luker til 690 kroner. Nokre kjøpte ei og andre fleire. Det enda med tre sider. Ikkje dei store inntektene, men viktig bidrag og vi gjekk ut i pluss. Andrea blei forresten nummer 2.

Vi gjorde noko liknande i [2014](#) [då ein annan lokal artist](#) hevda seg i Idol.

«Eg handlar lokalt»

I år som i fjor så har vi brukt hausten og førjulestida til ein «Eg handlar lokalt»-kampanje. Dette går ut på at lokale butikkar som er med på denne kampanjen får rabatterte prisar på annonse i temabillag og andre aktivitetar i Fjordenes Tidende. Når kundar er inne i desse butikkane og handlar, så er dei med i trekninga om ein splitter ny bil som dei kan får disponere og bruke fritt i eitt år.

Bilen er det ein lokal bilforhandlar som sponsar, og han er fornøgd med å profilert i denne kampanjen.

Frå slutten av november har den nye bilen vore profilert ulike stadar i handlegatene i desember. Denne veka skal vi trekke vinnaren og lage sak på den heldige som får ein ny bil i eitt år.

Hadde ikkje likt å vore kvotert inn

Hilde Langtangen meiner at kvotering ikkje er vegen å gå for å få fleire kvinner inn i styra.

– Kvotering tyner og ikkje medfører. Etter måll for folk som har nokre særskilte behov er det ein annan eller annan, fortel Langtangen.

Sesongen

Styret var det siste styret i Nordfjord Vakkert og Skolekulturfestival. Langtangen hadde ikkje sett jenta på seg før var kvotert inn i eit styre høvert på kvoten.

– Eg vil ikkje sita i eit styre fordi eg er dame. Eg vil sita der fordi eg kan nokre som er

styrtig for det styret.

Langtangen meiner ein må ta ikske til høgre i styret for å styrke seg av kvotering. – Eg trur vi må gå over lengg stikk på det, å stridde og så kva det serer er stikk og dyktige kvinner. Om det er damer eller menn har kvotering å bety.



STYRET i Hilde Langtangen (framme i midten) er styremedlem i Nordfjord Vakkert. Ho meiner ikkje kvotering er vegen for fleire kvinner eller menn. **ANNE/STB**

Står føre som eit godt eksempel



Hilde Langtangen, som er dagleg leiar for Sødernmann Rådgivning på Nordfjordeid, trur ikkje menn stoppar damer. – Viss damene er dyktige nok, så ser menn det, seier ho.

– Eg har alltid tenkt eller tenkt meg i dagtidaer om: har lege stridde meg. Typisk for mange ting og har gjort opp gjennom år og ikkje har sett endringar på det og har hoppa ut i, seier Langtangen.

Sjette dagleg leiar Hilde Langtangen og Hilde Langtangen. Det har gått ryvne at omso to styreleiarer av kvinner i eit styre seier ut munn.

– Det hang stykke ut på gamle styreleiarer og i tillegg. Men og trur det er på veg til å stje av endring, og om ein gjennomgår vil det nok gå anstade

ut. No er det overveldig av kvinner som tek høgare utdanning, og om 100 år stakkar vi kanskje opp mestert problemstilling, seier ho.

Sjette har Langtangen, som opptrakk seg fram på Hilde Langtangen, som styreleiar i styret i Hilde Langtangen. Under styret har ho også engasjert i styret, arbeid og ut i LKS styret, som hadde ansvar for om lag 1.300 stillingar. Selskapet har det 500 mange leiarer i styret på Langtangen, Hilde i Hilde og PWC, og ut i Sødernmann. – Eg blir å tenne på det, ho seier.

Mest leste sakene i 2017

[+Legg til i min rapport](#)

1. Her er innlegget som skaper mediestorm - Sidevisningar: 83 221. Unike brukarar: 69 82
2. Ferjesamband innstilt etter at mindre ferje tok seg til rette - Sidevisningar: 18 109. Unike brukarar: 14 106
3. Kjøp og sal av eigedomar - Sidevisningar: 12 199. Unike brukarar: 3 550
4. Meiner det må vere lov å ha gode dagar - Sidevisningar: 9 252. Unike brukarar: 8 132
5. Slik blir årets sesong - Sidevisningar: 9 139. Unike brukarar: 4 620
6. Sjekk denne storm-videoen - Sidevisningar: 8 734. Unike brukarar: 3 491
7. Brann i bolighus i Måløy - Sidevisningar: 7 992. Unike brukarar: 5 143
8. Hus i full fyr på Oldeide - Sidevisningar: 7 982. Unike brukarar: 5 127
9. Vann nesten 7,4 millionar i Lotto - Sidevisningar: 7 753. Unike brukarar: 5 819
10. Bustadhus er totalskadd i brann - Sidevisningar: 7 712. Unike brukarar: 6 035
11. Blir ny hotelldirektør - Sidevisningar: 7 021. Unike brukarar: 6 134
12. Fratatt lappen etter råkjøring i Bremanger - Sidevisningar: 6 856. Unike brukarar: 6 197

Pris: 57,84 NOK
 www.fjordenes-tidende.no
 Bli abonnent på 2399
 epost: tns@ft.no
 tns@ft.no

mot helg

Damene tar ansvar

Bremanger IL skiller seg fra statistikken til resten av Idretts-Norge, med kvinnelige ledere både i idrettslaget og fotballgruppa.

I Bremanger er det mange menn som er trener på jobb, enten som foreldre eller på egen hånd. Da blir det kvinner som er igjen hjemme og som engasjerer seg, forteller Eiv Collander, leder for fotballgruppa i Bremanger IL.

På landsnivå er det for tiden ikke på å få flere kvinner inn i lederposisjoner i norske idrettslag. Et av måkene til utvalget som jobber med dette er nemlig at man innen 2022 skal ha like mange menn som kvinner i lederstillinger i Idretts-Norge, skriver VG tidligere i år.

– Dette er nok det mest utfordrende å oppnå, sier lederlaget som har blitt innlemmet, som idrettslag har foran seg et godt eksempel, uttaler Jan Ege Fjervoll, leder av utvalget, til avisen.

I Bremanger IL er det innledningsvis ikke et lederprobleme i ledertallene. Med flere menn Collander som leder for fotballgruppa og An-

nette Iglund som leder for hele idrettslaget er ikke kvinnelige ledere mangelfullt.

Men selv om det ikke er et lederprobleme i Bremanger IL, synes Iglund det er flere det er plasser om bedre kjønnsfordeling flere ledere i Idretts-Norge.

– Det er flott at man har ombygd seg om det. Det er jo ikke så mange kvinnelige ledere i Idretts-Norge, og det er nok fordi det tradisjonelle kjønnsforholdet har vært slik gjennom år, om at kvinner har vært ansvar på hjemmefronten. Da blir det vanskelig å få tid til å være med uten ledere, forteller Iglund.

Men Iglund har også opplevd en annen del av Idretts-Norge, da hun selv var med som trener i fotball. Her var hun ansvar med på laget da Norge tok sølv i VM i 1995.

– Idrettskulturen har jo aldri hatt den statusen Idretts-Norge har hatt. Men det har kommet seg de siste årene, og det har blitt bedre tilrettelagt for kvinner som vil være på fotballen, forteller Iglund.

LEKESTIL

• Rapporterte om kvinner som leder i 2017, som ble presentert i vår utgave av Fjordenes Tidende/heimens.

OWENIA OWENIA

owenia@ft.no



LEIDER. Mens store deler av Idretts-Norge må forberede kjønnsbalansen i lederrolle, har Bremanger IL flere kvinnelige ledere. Her med Annette Iglund (f.v.), leder i Bremanger IL, og Eiv Collander, leder i fotballgruppa til idrettslaget. Foto: OWENIA OWENIA

[+Legg til i min rapport](#)

Avisens samfunnsrolle

Vi skal formidle det viktigaste som skjer i det offentlege rom og på ulike arenaer i området vi dekker. Vi skal late folk som har meiningar om korleis dette samfunnet skal utvikle seg få sleppe til. Vi skal vere balanserte og truverdige. Vi skal skape engasjement og begeistring, og formidle ein levande og ryddig debatt om korleis våre lokalsamfunn skal vere og utvikle seg.

Vi skal sette viktige saker på dagsorden, og vere eit talerøyr for folket. Vi skal vere ei vaktbikkje for det offentlege og formidle viktige ting som blir drøfta og vedteke der. Vi skal også late innbyggjarane få ytre seg og meine om det som blir bestemt.

[+Legg til i min rapport](#)

Utvikling papir og nett

Samspel papir til nett

Sjølv om vi har vorte meir digitale, fleire saker på nett og raskare ut når det skjer, så trur vi at vi klarer å ha eit godt samspel mellom nett og papir. Og uansett om vi blir meir digitale så er det vårt inntrykk at papiravisa som kjem i postkassa betyr enorm mykje folk i alle aldrar. Skal ei sak vere skikkeleg omtala i våre spaltar, så skal den ha vore i papiravisa. Vi ser og at vi har ikkje så mange reine digitalabonnentar. Folk vil ha papiravisa inn på kjøkkenet. Det er ikkje nok med berre ei sak på nett. Samstundes ser vi at nettet er ein viktig arena der vi får vise fram sakene våre og journalistikken vår, og er ein viktig marknadsføringsarena for innhaldet vi leverer. Vi ser også at videoar opnar mange nye mulegheiter og nye formidlingsformer.

Bemanning

2017 vart eit spesielt år bemanningsmessig. Redaktør og dagleg leiar har vore

delvis sjukmeld heile året. I tre månadar om sommaren var han hundre prosent sjukmeld. I deler av dette året har Svanhild Breidalen vore fungerande redaktør. Den daglege drifta som dagleg leiar ikkje har gjort har vore ivareteke av styreleiar Lidvar Flydal og marknadsleiar Rune Henden. Dette var vore ein utfordrande situasjon, men alt i alt har den blitt løyst på ein god måte. I 2017 var det ikkje endringar i den redaksjonelle staben. Heller tvert imot. Vi har likevel hatt ein til som har vore lengre sjukmeld i redaksjonen og ein som har vore det på marknadsavdelinga. Eg er heldig og er redaktør i ei avis med svært dyktige journalistar og marknadsmedarbeidarar som legg si ære i å formidle korrekt og balansert journalistikk. Vi samarbeider godt og inspirerer kvarandre til å lage det vi trur er ei godt lokalavis.

Kva kunne vi gjort annleis?

Det er sikkert mykje. Vi kunne sikkert ha brukt fleire og andre kjelder. Utfordringa ofte er når vi har korte fristar er å bruke nok tid på å finne nye kjelder og få desse til å stå fram. Vi kunne som eksempel ønskt fleire kvinner som kjelder. Den største feilen vi gjer er alle dei tipsa vi ikkje får sjekka grundig nok og alle dei sakene som vi ikkje har gjort noko med fordi vi har avgrensa ressursar. Vi klarer ikkje å vere alle stadar alltid, og gjere alt vi skulle ønskt vi skulle klare, stilt dei kritiske spørsmåla og jakta på dei djupe svara. Det skrivne ordet er sterkt, og ein feil som vi gjer i papiravisa er ikkje lett å rette opp. Ei retting i neste utgåve kan ikkje endre det som stod i den opprinnelege artikkelen. Vil beklage ulemper det har påført dei som har blitt utsett for våre feil.

Konkurransen frå sosiale media

Den merkar vi svært godt. Dei fleste bydelar, bygdelag og interessegrupper har etablert sine eigne sider på Facebook som fungerer som reklamekanal og oppslagstavle. Folk deler nyheiter og diskuterer store og små hendingar. Ja mykje av journalistikk og våre nyheiter er grunnlag for debattar der. Folk er raskt ute å deler hendingar og meiningar, gjerne raskare enn det vi klarer.

Kommunikasjon med lesarane

Sosiale media er flott arena å kommunisere med folk i distriktet på. Dette er

ein viktig tipsbase som er utgangspunkt for journalistikken vår. På sosiale media er det ofte debattar om lokalavisa, og vi prøver så godt vi kan å forklare våre val og prioriteringar. Folk er også flinke til å dele private bilete og ytringar med oss. Mange tek kontakt, ringer, sende e-post med både ris og ros. På sosiale media prøver vi å vere aktive og svare når det er viktige debattar om oss og journalistikken vår.

[+Legg til i min rapport](#)

Journalistfaglig utvikling

Vi har hatt interne kurs og utviklingsmøte. Vi evaluerer kontinuerleg vårt eige produkt, vinkling og val av kjelder. Vi har sterkt fokus på val og bruk av kjelder vi brukar og vinkel på sakene.

Vi har hatt stort fokus på at papir og nett skal bli ulike og unike, og at dei to plattformene kan utfylle kvarandre og ikkje konkurrere mot kvarandre.

Etikk

Vi har stort fokus på å følgje Vær Varsam-plakaten. Vi har opna for debatt via Facebook på 50 prosent av sakene vi publiserer på nett og opplever at når den som ytrar seg er kjent så blir det stort sett ein ryddig og konstruktiv debatt. Kommentaraner er stort sett saklege og ryddige, og er viktige innspel til påverke samfunnsutviklinga.

PFU

I 2017 var vi ikkje klaga inn for Pressens faglege Utval (PFU).

Erling Wåge

Ansvarleg redaktør



Koste seg:

Kavøypoll Idrettslag sin fotballgruppe arrangerte sommerskole i to uker i fjor. Det ble en stor suksess. Nå utvider de trolig til tre uker i år, og vil lodde interessen blant foreldre og barn. – Det er ennå ikke helt bestemt når det blir eller hvor mange uker, men alle invitasjoner og informasjon vil bli lagt ut på Facebook fortløpende, sier Kim Nedreberg Silden. Bildene er fra sommerskolen i fjor. Foto: Benedikte Flataker

[+Legg til i min rapport](#)

Kommentar: Kan lokalavisa vere lokal med nye kommunegrensar?

Kva vil endring av kommunegrensene bety for Fjordenes Tidende som har ein sterk fot inn i alle fire kommunane som vi dekker i dag, og som i ei eller anna form er involvert i endring av kommunegrensene?

Kva vil dette bety fram til 2020 og ikkje minst etter 2020 då dei nye grensene er på plass? Vil dei nye grensene endre vesentleg på identiteten til folk og oppfatninga til kva ei lokalavis skal vere og levere?

Vi må nok endre oss og tilpasse oss dei nye grenser.

Fjordenes Tidende vart starta i 2010. Avisa har eit godkjent opplag for 2017 på 4.471. Redaksjonen består av fem journalistar pluss redaktør. Vi brukar i tillegg ein del faste frilansarar. Vi vil vere ei av to lokalaviser i dei to nye kommunane.

Dette blir ein ny situasjon.

I Stad kommune er vi nummer 1 avis i eine delen av kommunen, i Selje, og Fjordabladet har denne posisjonen i den andre delen av kommunen, Eid kommune. I Kinn kommune har vi nummer 1 posisjon i nordre deler av den nye kommunen, dagens Vågsøy kommune. I søre deler av kommunen, Flora kommune, har Firdaposten denne posisjonen. Store avstandar og lang reisetid vil gjere det vanskeleg for begge redaksjonane og dekke alt i heile nye Kinn kommune like godt som vi gjer i hovudkommunane i dag. Med bil tek to timar å køyre ein veg mellom dei to kommunesentera, altså meir enn fire timar tur-retur. Skal ein reise kollektivt er det tre båtruter for dag som tek over ein time kvar veg.

Både Fjordenes Tidende og Firdaposten har i tillegg sterke posisjonar i kommunen som deler den nye Kinn kommune i to, i Bremanger kommune.

Vi tenker at vi må lage redaksjonelt innhald bygd på identitet, kultur og felles

interesser der vi har storparten av abonnentane. Vi må vere opptekne av viktige utfordringar og vedtak som angår folk i området vi dekker i dag. Vi må vere tett på næringsliv, idrett, kultur, samferdsle, skule, pleie og omsorg, barn, unge og eldre, folkeliv og personar som gjer spesielle ting i nedslagsfeltet der vi har flest abonnentar, i ytre Nordfjord og Bremanger. Vi må vere lokale i det området der folk oppfattar oss som lokalavisa si. Sjølv om Vågsøy slår seg saman med ei Sunnfjordkommune så vil storparten av folk i Vågsøy framleis vere Nordfjordingar.

Såleis trur vi at folk i Vågsøy gjerne vite kva som skjer både i den nye Stad kommune og i Bremanger som i dag også etter grenseendring.

Det er også sagt at sjølv om Vågsøy blir ein del av Kinn, så skal dei kommunale tilboda etter 2020 vere som før 2020, og folk skal få løyst alle sine oppgåver i den delen av den nye kommunen som dei bur i. Sjølv om det står i intensjonsavtalen at nye Kinn kommune vil løyse alle interkommunale oppgåver sjølve, så er det seinare sagt at det vil bli samarbeidsprosjekt for nordre Kinn med dei andre Nordfjordkommunane.

Utfordringa for oss blir å halde våre lesarar i nye nordre Kinn oppdatert på kva som skjer i søre deler av den nye kommunen. Det blir såleis utfordrande at vi kan skape felles identitet, felles kultur og felles entusiasme med så store avstandar og med så lite kjennskap til kvarandre.

Ved utgangen av 2017 har vi fokus på å lage ny publikasjonsstrategi. Vi har også tett dialog med dei to andre lokalavisene som blir ein del av dei to nye kommunane. Vi har vurdert og vurderer eventuelt samarbeid med kvarandre i ulike former

Av Erling Wåge, ansvarleg redaktør i Fjordenes Tidende

[+Legg til i min rapport](#)



Legg til hele avisrapporten i min rapport

Fjordingen

Fjordingen sin redaksjon har i 2017 bestått av fem faste journalistar i tillegg til ansvarleg redaktør/dagleg leiar som og er skrivande. Alle er fotograferande, og alle har og ansvar for avisa si nettside. Fjordingen har ikkje lenger grafisk personale tilsett, etter å ha gjennomført sluttavtale med dei to grafikarane som har arbeidd i avisa gjennom ei årrekke. Avisar får annonser produsert ved felles produksjonssenter i Harstad, medan grafikarar i Sunnmørsposten gir nødvendig bistand til redaksjonell ferdigstilling av avisa. Også innanfor kontor/kundebehandling har avisa gått til nedbemanning siste år. Avisar gir gjennom året ut fire tematiske ekstraaviser i tillegg til ordinær avis. Avisar har eigen lokalradio, Radio Stryn, som vert driven med om lag eit halvt årsverk.



Gå til fjordingen.no

Fakta



Samlet opplag
3734



Utgiversted
Stryn



Ansvarlig redaktør
Bengt Flaten (52)

Fjordingens dekningsområde



Daglige lesere totalt



10800

Daglige brukere på nett



4200

Daglige brukere på mobil



1900

Fordeling lesere

• Antall sider produsert 2650

• Redaksjonelle årsverk 6

• Fordelir stoff/an

Anno

• Antall lederartikler 94

• Antall kommentarer 0


• Antall innlegg på nett 0

• Refuserte innlegg på nett 0

• Antall 810



Kommer ut
**Kjem ut tysdag
og fredag**



leserinnlegg

Aktuelt

Tips og saker på telefon 07 87 45 00, epost: redaksjon@fjordingen.no. Følg oss på www.fjordingen.no

Truleg 100-150 mm

Sluttermåling for "Oscar Fugstad" viser det meste kan 100-150 mm nedbør på 10 timer på det verste stedet i området. Underlaget er sand og grus. Det er ingen grunn til å tenke på vannlogging eller skade på vegger eller fundament. Hvis det blir mye nedbør, kan det bli vannlogging i kjelleren. Hvis det blir mye nedbør, kan det bli vannlogging i kjelleren.

• Fv 60 gjennom Utvik totalt rasert:

Vert ikkje opna på lenge

Det vil gå fire månader før Fv 60 gjennom Utvik kan bli opna att for gjennomgangstrafikk. Det står etter Kai Jonny Gjerdet i Statens vegvesen.



TRULSØY (K2) Fjordingen går ut etter åtte til ni dager. Det er ingen grunn til å tenke på vannlogging eller skade på vegger eller fundament.



TRULSØY (K2) Kai Jonny Gjerdet i Statens vegvesen på opplysningsforstellet i Utvik.



TRULSØY (K2) Fylkesvegen mellom Løkken og Utvik ligger i fullstendig rasert tilstand. Gjennoppbygging for vil ta lang tid. I mellomtiden er det etablert en omkjøringsforstellet i Utvik.

«Vi snakker om fire måneder før gjennomgangstrafikk gjennom Truleg 100-150 mm nedbør på 10 timer på det verste stedet i området. Underlaget er sand og grus. Det er ingen grunn til å tenke på vannlogging eller skade på vegger eller fundament. Hvis det blir mye nedbør, kan det bli vannlogging i kjelleren. Hvis det blir mye nedbør, kan det bli vannlogging i kjelleren.»

Trafikk omkjøring på plass. Han er klar på at partene er klare til å starte oppbyggingen av veien. Han er klar på at partene er klare til å starte oppbyggingen av veien.

«Bare en del av veien er rasert. Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Statens vegvesen har fått utarbeidet et plan for å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»

«Det vil ta lang tid å bygge opp veien. Det vil ta lang tid å bygge opp veien.»



TRULSØY (K2) Fylkesvegen er rasert, men huset vårt har vært heldig og står fortsatt. Statens vegvesen har fått utarbeidet et plan for å bygge opp veien.

Rømte frå uveret - glad huset hennar står

Ingvild Gjerdet var innstilt på at det kunne gått endå verre. Ho er glad huset hennar rappa i bakkene i Utvik står etter innfermet måningsmergen.



TRULSØY (K2) Ingvild Gjerdet var utvilsomt glad for at huset hennar står. Det er ingen grunn til å tenke på vannlogging eller skade på vegger eller fundament.

«Det var veldig spennende. Det var veldig spennende.»

«Det var veldig spennende. Det var veldig spennende.»

«Det var veldig spennende. Det var veldig spennende.»

«Det var veldig spennende. Det var veldig spennende.»

KIWI PRISLOFTE
"VI GIR OSS ALDRI PÅ PRIS!"

49⁹⁰
DAGENS BEEFBURGER
3 stk og 100 g smør 100 g

79⁹⁰
KYLLINGFILET
100 g 100 g

14⁹⁰
KRYDDERURTER
100 g 100 g

27⁹⁰
SABELLA IS / FRISKESS 10 PK
100 g 100 g

KIWI mini pris
Kjøp kjøpt, trygt og billig

Mål og prioriteringar:

Fjordingen skal vere først ute med dei viktigaste nyhende for og om folk i området vi dekkjer.

Vi skal ha hovudfokus på nyhende og krydre avisa med dei gode og nære

reportasjane. Gjennom tekst og gode bilde skal vi gje lesarane i nærområdet til liks med utflytta stryningar og honndøler eit godt speglbilde av kva som skjer på godt og vondt.

Vi skal vere ein god debatt-arena der folk skal få sleppe til med meiningane sine. Og vi skal ikkje minst vere tilbodstorget der annonsørar og lesarar møtast gjennom tilbod og etterspørsel.

Papiravisa er hovudproduktet for Fjordingen. Nettavisa fyller nyheitsveka og nyheitsdøgnet og gjer oss i stand til å konkurrere på raske nyhende mellom papirutgåvene. Fjordingen tilbyr og papiravisa i fullverdig elektronisk versjon.

Radio Stryn er avisa sitt ekstra krydder, litt ekstra smågodt i kvardagen.



*i mellom tek vi også oss tid til eigneproduserte illustrasjonar til artiklar og petiar
r dikt i avisa. Teikning: Roy Aron Myklebust*

Mest lest

Nyheita om at Jan Egil Flo, Simen Staalnacke og ei gruppe tilsette [kjøpte tilbake Moods of Norway](#)-konkursbuet var den mest leste saka på [Fjordingen.no](#) i 2017.

Dei andre sakene som hadde mest besøk var:

- Tok av på nettet (video)
- Trafikkulukke på rv 15
- Deler av Utvik står under vatn
- I djupet av Hornindalsvatnet (video)
- Nesten ikkje til å tru
- Var full stopp i Utvik
- Blokkerte fylkesvegen i protest
- Hus totalskadd i brann
- Stengt i Oldedalen

Avisa si samfunnsrolle

Viktige hendingar omtalt i avisa i 2017:

Kommunestruktur

Etter at saka vart politisk vedteken forsommaren 2016, har det vore klart at Hornindal vert del av Volda kommune frå 1. januar 2020, medan Stryn vert ståande åleine. Dette etter at Stryn sa nei til å slå seg saman med Hornindal og Volda, og Hornindal i valet mellom Stryn eller Volda valde å slå seg saman med

Volda.

I etterkant av vedtaket kom det opp søknad om grensejustering av eit område i Hornindal som ligg inntil Stryn kommune. Initiativtakarane ønskte primært heile Kjøs overført frå Hornindal til Stryn, men la inn ein sekundær søknad om at berre grenda Maurset vert overført til Stryn, dersom departementet ikkje ville overføre heile krinsen.

Rett før jul kom Fylkesmannen med sin tilråding om å overføre heile Kjøs til Stryn kommune. Dette var mot Hornindal kommune si tilråding, men samsvarte med kva Stryn kommune hadde tilrådd i sitt høyringssvar til Fylkesmannen. Blant innbyggjarane i Kjøs var det eit lite fleirtal i krinsen sett under eitt som ønskte å tilhøyre Hornindal, medan det var eit solid fleirtal blant innbyggjarane på Maurset om å gå over til Stryn.

Rett etter nyttår 2018 fastslo kommunalminister Jan Tore Sanner at berre Maurset skulle overførast til Stryn, medan resten av krinsen skulle forbli i Hornindal. Sanner la i si avgjerd vekt på at dette var fleirtalet si meining, og at dette er ei løysing som gir dei fleste kortast avstand til kommunale tenestetilbod også i framtida.

Fjordingen har brukt mykje spalteplass på denne saka også i 2017. På leiarplass tok avisa eit prinsipielt standpunkt om at det måtte vere fleirtalet i krinsen sitt syn som måtte vinne fram. På redaksjonell plass er saka gitt brei dekning, der dei som søkte om grensejustering har kome godt til med sine synspunkt.

Både ordførar og varaordførar i Stryn har gitt klart uttrykk for, i Fjordingen sine spalter, at dei mislikar sterkt Fjordingen sitt standpunkt på leiarplass. Redaktøren er på sin side klar på at han ikkje hadde gjort jobben sin, om han skulle gått ut med støtte til eit mindretalet som ønskte heile krinsen overført frå Hornindal til Stryn. Dette ville vere etter redaktøren sitt syn vere ein sær s dårleg behandling av det fleirtalet som aldri har hatt noko ønske om å byte kommune.

Himmelferden

Bygginga og opninga av gondolbana Loen Skylift, frå fjorden i Loen til fjellet Hoven 1.011 meter over havet, har vore den største reiselivssaka i den store reiselivskommunen Stryn i 2017. Pendelbana vart opna av Dronning Sonja 20. mai 2017. Etterpå tok alt bokstavaleg talt av, i forhold til prognoser laga på førehand. Budsjettet for første år med gondolbane var 55.000 besøkjande. Då året

var omme, hadde Loen Skylift hatt 92.000 besøkjande, og suksessen var eit faktum. Ein viktig årsak til at gondolbana er blitt suksess, er det store nettverket av tilrettelagde stiar på fjellet innafor toppstasjonen for gondolbana. Her kan folk i alle aldrar og i god som dårleg fysisk form kome opp og oppleve stor naturglede anten ein vil gå langt eller berre rusle ein tur og nyte utsikt og frisk luft.

Naturkrefter

24.juli 2017 vil bli hugsa som den store uversnatta i bygda Utvik i Stryn kommune. Enorme nedbørsmengder kombinert med eit mange timar samanhengjande kraftig torever forvandla på kort tid den idylliske jordbruksbygda til eit frådande inferno av vatn. Elvane fann nye vegar, raserte riks- og fylkesvegar og gjorde på få timar enorme øydeleggingar på vegar, private eigedomar og infrastruktur. Fylkesvegen 60 som er livsnerva gjennom bygda vart fullstendig rasert og vart ikkje opna att før to månader etter storflaumen. Hus og landbrukseigedomar fekk store skader. Det same fekk to kraftverk, idrettsanlegg og friluftareal. Til alt hell vart ingen menneske skadde elelr drepne, men marginane var små.

NVE og vegvesenet sette straks i gang med å rydde og byggje opp att Utvik, saman med private aktørar, men det er likevel rekna at det vil gå eit par år før bygda Utvik er tilbake i reparert tilstand. Fjordingen var tett på uveret frå første dag, og har i tillegg til å skildre dramaet og utfordra maktapparatet på prioriteringar elelr mangel på slike under gjenoppbygginga særleg av veg og bruer.

Konkurs

Moods of Norway har dei siste åra vore moteikon i Stryn og Norge. Moods-gjengen tok mote-Norge med storm med sine spesielle klede, og vart og plukka ut til å levere både OL- og VM-kolleksjonar til dei norske idrettsutøvarane.

Etter mange år med samanhengjande vekst og eventyrlege overskot, snudde pilene dei siste par-tre åra feil veg. Moods hadde blitt for store samtidig som krona over tid hadde svekka seg mot dei valutaer firmaet gjorde innkjøp i. I september small bomba. Moods of Norway var konkurs. I ettertid fekk ei gruppering innafor Moods tilslaget på å kjøpe sitt eige konkursbu, og seinhausten og vinteren er brukt til å restrukturere eit Moods of Norway som tel betydeleg færre butikkar, og som vil gå tilbake til røtene og satse utelukkande på herreklede.

Fjordingen var først ute å fortelje om konkursen i Moods, og var ute med å fortelje

om det nye selskapet som vert skipa i etterkant.

[+Legg til i min rapport](#)

Utvikling papir og nett

Redaksjonen har integrert nett og papir i det daglege nyheitsarbeidet. Samtlege journalistar leverer på alle plattformer dagleg, og nettutgåva vert brukt bevisst som ein viktig del av tilbodet vi gir særleg til abonnentane våre. På den måten held vi nyheitstempoet oppe, utan at det går nemneverdig ut over papiravisa. Etter at avisa har vald å leggje ein større del av eigenproduserte saker ut som betalings saker eller abonnent-saker, har trafikken på nettsida gått noko ned, medan opplaget har auka. Sjølv om tala er små, er det og gledeleg å sjå at vi kvar veke sel abonnement direkte frå abonnent – eller pluss-sakene våre på nett.

Avis har siste året hatt større andel eigenproduserte videoreportasjar på nett. Dette takka vere journalist med stor interesse og kunnskap om video.

Mediehuset starta nedbemanning hausten 2016, med effektivering av sluttpakker frå nyttår 2016/17 til påske 2017. Mediehuset består i dag av redaksjon og markedsavdeling. Økonomisk var det nødvendig å nedbemanne. Reduserte lønskostnader har vore eit viktig bidrag til ein økonomisk drift under kontroll.

Nedbemanninga har og den sida at oppgåvene vert fordelt på færre medarbeidarar. Ikkje minst tek kvalitetskontroll og ferdigstilling av avisa no ein større del av redaktøren og journalistane si tid. Ein styrke på den eine sida, ved å få høgare redaksjonelt fokus på kvalitet. Samtidig ein ulempe i forhold til at det vert mindre tid til å skape innhald.

[+Legg til i min rapport](#)

Journalistfagleg utvikling

Fortløpande fokus på å skrive poengtert og informativt, og med gode bilde som illustrerer sakene godt.

Fokus på eit moderne nynorsk som samsvarar med folk sin daglegtale.

Kritisk journalistikk der avisa set dagsorden.

Meiningsberande leiarar som ofte er kritiske, av og til rosande, men som og skal setje dagsorden.

Stort og kontinuerleg fokus på forholdet papir/nett, og med endå meir nyheitsfokus på nett etter at avisa reduserte tal papirutgåver frå tre til to i veka.

Etikk

Avisa har sterkt fokus på etikk, og har ingen PFU-saker mot seg siste år. Men vi som andre kunne sikkert blitt felt for manglande samtidig imøtegang i enkeltsaker.

Bengt Flaten, ansvarleg redaktør





Legg til hele avisrapporten i min rapport

Fjuken

Lokalavisa Fjuken vart starta som eit folkeeid aksjeselskap (Skjåk Mediautvikling AS) i 1989. Etter ein trong "fødsel", med mykje prøving og feiling, såg fyrste nummer av lokalavisa dagens ljós 6. april det året. Den ferske Fjuken vart sendt ut til om lag 400 abonnentar, og før året var omme var talet oppe i 1000 ab. Nå er Fjuken inne i sitt 28. år, har sjølveigd avishus, eitt avdelingskontor, gode arbeidstilhøve og stabile medarbeidarar. Med om lag 3600 i opplag har Fjuken svært god dekning i Ottadalen, samt at nær 1600 av abonnentane er utfløtte dølar. For dei er Fjuken svært viktig, som bindeledd til heimbygda og som "brevet frå heime".



Gå til fjuken.no

Fakta



Samlet opplag
3619



Utgiversted
Skjåk



Ansvarlig redaktør
Hans Erik
Kjosbakken (53)



Daglige lesere totalt



Daglige brukere på nett



Daglige brukere på mobil



• Antall sider
produisert 1336

• Redaksjonelle
årsverk 5


• Fordelir
stoff/an

Annon:

• Antall
lederartikler 48

• Antall
kommentarer 0

Kommer ut
12 Torsdagar



- Antall innlegg på 0 nett
- Refuserte innlegg på nett
- Antall innlegg på nett
- Antall innlegg på nett

0

160



Mål og prioriteringar

Fjuken skal framleis vera den mest lesne avisa i dekningsområdet, både på papir og nett. Vi har tidlegare hatt undersøkingar som syner at vi har vore det, og har ei god husstandsdekning på papir i dei tre kommunane vi dekkjer; Vågå: 37 %, Lom: 76 % og Skjåk: 84 % (uoffisielle tal).

På eitt vis har Fjuken vore gjennom eit paradigmeskifte det siste året. Avisa har i fleire år vore digital, men gjekk i løpet av fjoråret over til plussløyseing på nett. Redaksjonelt har vi også teke



Ansvarleg
redaktør Hans
Erik
Kjosbakken

til med malstyring, noko som innebar utfordringar og omstillingar. Ein viss skepsis er nå avløyst av at vi taklar dette bra.

Vi er tett på lesarane, alle kjenner alle i nedslagsfeltet, og alle veit «kven» Fjuken er. Det kan like gjerne vera ei ulempe som ein fordel. Konkurransen med andre lokale media og sosiale media, gjer at vi heile tida lyt finne eigne gode saker. Samstundes skal vi ha søkeljoset på kva det offentlege driv med, og fylgje lokalpolitikken tett.

Mange av dei nye reiskapane vi har teke i bruk gjev oss moglegheit til å sjå kva lesarane verkeleg les, kva dei helst vil ha - og kva som ikkje blir lese.

Fjuken skal spegle lokalsamfunna, både på godt og vondt. Vi har eit like stort ansvar for å syne fram dei positive sidene ved bygdene våre som dei negative.

Fjuken skal gjeva lesarane opplevingar dei ikkje får andre stader. Med fleire andre medie i same dekningsområde, er det konkurranse om å vera fyrst ute med nyheiter. Her meiner vi sjølve at vi er nokså kjappe og er eit nyheitsmedium på nett. Alle sakene er også delt på Facebook, og mykje av trafikken kjem derifrå.

Vi lagar tre magasin i året, i tillegg til store aviser til jul og påske. Magasina blir distribuert til hytteigarar og elles til alle husstandar i Ottadalen.

[+Legg til i min rapport](#)

Utfordringar

Framleis lyt vi ha rekruttering av nye lesarar som eit område vi kan bli betre på.

Vi trur ikkje at andre redigerte media er den største konkurrenten, truleg heller ikkje sosiale media. Den største utfordringa er kanskje at folk ikkje les i det heile teke.

Ei anna utfordring er «kjedekollisjonen» mellom nettrafikk-annonsesal/varelager-pluss-saker/abonnementssal-færre visningar. Dette gjev oss utfordringar.

Vi er òg bevisste på talet på oppdateringar, på kva saker som blir mest lese - og klar over at desse sakene kanskje ikkje er dei journalistfagleg beste.

Vi forsøker å sjå dei ulike plattformene, papir og nett, som eitt produkt for lesarane. Det eine skal ikkje vera betre enn det andre.

Det kan vera utfordrande, i små kommunar som vi opererer i, at sentrale kommunale aktørar har ei oppfatning av Fjuken som negativ - avdi vi tek fatt i saker som kan vera vanskelege for kommnen og som i sin tur kan føre til negative konsekvensar for innbyggjarane.

Vi må heile tida arbeide for at nettopp Fjuken skal vera verdfull for ottadølane. Det dei får i Fjuken, får dei berre der - og dei må ha det for å fylgje med.

[+Legg til i min rapport](#)

Avisas samfunnsrolle

Avisa har svært god lesarkontakt, Fjuken er

fyrstevalet torsdag når den kjem i postkassene, og vi får mange gode tips og attendemeldingar frå lesarane våre.

Årets Ottadøl er ein heider vi deler ut saman med Sparebank1 Lom og Skjåk. I 2017 gjekk heideren til ei eldsjel i fotballmiljøet i Lom.



Dette året har vi mellom anna skrive fleire artiklar om:

- Asylmottak for mindreårige i Skjåk, som "aldri" fekk flyktningar.
- Konsekvensar ved stadig skrantande kommuneøkonomi
- Jenta frå Lom som vart fødd i feil kropp
- Næringslivssaker
- Historiske saker og portrett som lesarane ikkje får gjennom andre medie

Årets mest lesne saker på nett

1. Villreinen kom og lukta på skoa 13.146 visningar
2. Jon Arild hovudperson i ny TV 2-serie 12.931 visningar
3. – Elgen drit i vikeplikt 9.531 visningar
4. Dødsulykke i Skjåk 8.340 visningar
5. Nytt mattilbod i Lom 7.730 visningar
6. Elg full av byllar 7.610 visningar
7. Stal mellom 50 og 70 ubrukelege mobiltelefonar 7.552 visningar

[+Legg til i min rapport](#)

Journalistfagleg vurdering

Vi har fellesmøte med jamne mellomrom, der vi evaluerer, har idemyldring og legg planar.

Vi deltek i dei konkurransene vi måtte ynskje, og er heile tida med på Landslaget for lokalaviser (LLA) si avistevling, der vi kvart år for ei uavhengig evaluering av avisa vår.

Vi deltek elles på ulike kurs i regi av LLA og andre.

Etikk

Vi held den etiske standarden i avisa svært høgt. Det er alltid ei utfordring å vere lokalavis i små samfunn der vi kjenner stort sett dei fleste av dei vi skriv om. Det gjer at vi må vere svært medvetne på det vi skriv, og tenkje både med hovudet og med hjartet i mange situasjonar.

Ingen saker til PFU i 2017.

Hans Erik Kjosbakken, ansvarleg redaktør





Legg til hele avisrapporten i min rapport

Møre-Nytt

Møre-Nytt held til Ørsta, og dekkjer både Ørsta og Volda kommunar. Avisa sitt slagord er «Nummer ein i Ørsta-Volda». Møre-Nytt vart etablert i 1935, og kom med nettavis hausten 2011. Møre-Nytt har sju årsverk, fire journalistar og to marknadskonsulentar. I 2017 fekk avisa ny leiarmodell, med ny eineleiar (redaktør og dagleg leiar)



Gå til morenytt.no

Fakta



Samlet opplag
4560



Utgiversted
Ørsta



Ansvarlig redaktør
Svein Aam (57)

Møre-Nytts dekningsområde

■ Utgiversted



Daglige lesere totalt



9400

Daglige brukere på nett



2500

Daglige brukere på mobil



9400

Fordeling lesere

• Antall sider produsert 3708

• Redaksjonelle årsverk 5

• Fordelir stoff/an

Annor


• Antall lederartikler 51

• Antall kommentarer 0

• Antall innlegg på nett 30

• Refuserte innlegg på nett 1

Kommer ut
12 Tysdag, torsdag
 og laurdag.



• Antall gjestekommentarer 26
 • Antall leserinnlegg 280



Mål og prioriteringar

Møre-Nytt har ein dominerande posisjon i utgjevarkommunen Ørsta, men tek og mål av seg til å gi eit godt tilbod til lesarar i nabokommunen Volda. Utviklinga går mot ei stadig tettare integrering av Ørsta og Volda, og i 2017 byrja vi å bruke slagordet «Nummer 1 i Ørsta-Volda».

Møre-Nytt skal prioritere stoff som gjeld Ørsta, men må samstundes vere best på regionale saker som gjeld Ørsta-Volda, og andre fellessaker. Vi skal vere størst, først og best, og vi skal setje dagsorden.



Ansvarleg redaktør
Svein Aam
 (57)

Nettavisas innførte betalingsmur i oktober 2016, og opplevde fall i lesartal dei neste månadane. Men i andre halvår 2017 auka nettrafikken igjen, og låg godt over fjoråret. I løpet av 2017 har vi hatt ein meir offensiv publiseringsstrategi på Morenytt.no, og den må utviklast vidare.

Eit hovudmål er å få fleire abonnentar til å nytte det digitale tilbodet, og å rekruttere nye abonnentar via morenytt.no.

Møre-Nytt vert ståande med ein forholdsvis stor opplagsnedgang i 2017. Noko av dette kan forklarast med at opplagstala for 2016, som viste ein liten opplagsauke, truleg var basert på ein reknefeil. Dermed er ein reell nedgang for 2016 først registrert for 2017. Opplagsutviklinga snudde til oppgang i løpet av hausten. Målet er å halde oppe denne utviklinga.

[+Legg til i min rapport](#)

Samfunnsrolla til avisa

Møre-Nytt har ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Møre-Nytt set pris på lesarane, og lesarane set pris på avisa. Det må vi ta vare på og utvikle til også å gjelde nye lesargrupper. Møre-Nytt skal stå på lokalsamfunnet si side, men også framheve og kjempe for saker som har regional betydning. Det siste tiåret har det skjedd store endringar innan

kommunikasjon på Søre Sunnmøre/Nordfjord. Difor får lokalavisene ei stadig viktigare rolle i den regionale utviklinga.

Dei uavhengige media er under press, men samtundes er behovet for sakleg, uavhengig og allsidig informasjon større enn nokon gong. Mange prøver å påverke innhaldet i avisa.

Informasjonsstraumar frå både det offentlege og private aktørar vert meir og meir styrt og kontrollert av profesjonelle kommunikasjonsaktørar. Vi ser og at store medieaktørar trekkjer seg inn mot byane. Difor vert lokalavisene stadig viktigare for lokaldemokratiet og lokalsamfunna.

Møre-Nytt sitt nedslagsområde omfattar både Ørsta og Volda, to integrerte kommunar som i praksis er den fjerde største byen i Møre og Romsdal. I Volda kjem avisa Møre ut. Møre har det siste året hatt meir og meir stoff frå Ørsta, spesielt kommunalt stoff. Samstundes skal Møre-Nytt vere «Nummer 1 i Ørsta-Volda». Vi har dermed eit situasjon med to aviser i tilnærma same dekningsområde. Denne konkurransesituasjonen er spennande.

Medan Møre-Nytt er knytt til eit mediekonsern i rivande utvikling er Møre ei tradisjonell og familieeigd lokalavis. Møre-Nytt skal vinne konkurransen med Møre ved stå fram med den ryddigaste og mest truverdige journalistikken. Møre-Nytt vil legge stor vekt på å etterleve redaktørplakaten og dei presseetiske reglane. Lesarane skal vere trygge på at det er tydelege skille mellom redaksjonelt stoff, innsendt stoff og betalt innhald.

Den mest omtalte saka i Møre-Nytt 2016 handlar ytre sett om ei gate skal vere einvegskøyrd eller stengt med bom. Med saka utvikla seg til ein politisk følgjetong og ein nabokonflikt, både fordi rådmannen bur i området, og fordi samfunnsutvalet i kommunen har handtert saka klønete. I denne saka har det og vore konflikhtar knytt til om politiske møte skal vere lukka eller ikkje. Her har Møre-Nytt stått på sine rettar, og fått full støtte frå kommunen sitt kontrollutval i ettertid.

Ei anna stor sak i 2017 gjeld spørsmålet om ein krins i Ørsta (Bjørke og Viddal) skal melde flytting til den nye Volda kommune (Volda og Hornindal). Ørsta vil i så fall miste både innbyggjarar og millioninntekter frå kraftproduksjon. Her har Møre-Nytt og konkurrenten Møre i Volda kvart sitt perspektiv, noko som er bra for lesarane.

[+Legg til i min rapport](#)

Ti av dei mest leste sakene på nett.

1. I sommar [forvilla ein turistbuss seg inn i Aldalen og kørde seg bom fast i dei krappe Vatnesvingane](#). Saka vart den mest leste på morenytt.no i 2017, med 17.500 visningar.
2. I november [døydde ein mann etter å ha bli påkøyrd av ein bil i Åmdalen](#). (16.981visningar)
3. I april [vart lappar som oppmoda om deltaking i demonstrasjon mot homofile](#)

- lagt ut i postkasser i Volda. Det viste seg å vere ein spøk. (16.684 visningar.)
4. I byrjinga av mai kom Aune Sand på besøk til Ørsta og Volda. I tillegg til å ha utstilling gav han vekk kunst til ein verdi av 500.000 kroner til Hjørundfjordheimen og Volda sjukehus som fekk «kunstsjokk». (9.059 visningar)
 5. I september vart over 2.000 bilar kontrollerte på E39 i Ørsta. Storkontrollen varte i ti timar og alle bilane som kørde på vegen vart stoppa.
 6. Pastor Hans Reite sitt åtak mot homofile skapte stort engasjement, og førte mellom anna til at sokneprestane i Ørsta skreiv eit innlegg som vart mykje lest.
 7. I oktober vart Ørsta-Volda Pride skipa.
 8. I september gjekk politiet ut med ei video av ei forbikøyring i Barstadvik ei til skrekk og åtvaring.
 9. I september var det mange sjeldne og dyre bilar å sjå på Sæbø. Ein privat samlar var på rundreise med bilane, og dei fekk mykje merksemd.
 10. Gjenopninga av utestaden Porsekjellaren i Volda var populært lesestoff.

[+Legg til i min rapport](#)

Digital utvikling

Møre-Nytt var forsøksavis for lukka nettavis frå 2011 (først i landet). Historia viste at ein var for tidleg ute. Nettet vart så opna opp att, for deretter å bli gradvis lukka (plusstrategi frå oktober 2016). Alle desse endringane har nok gjort sitt til at Møre-Nytt ikkje har lukkast i like stor grad med si nettutgåve som sine naboaviser i Polaris (til dømes Vikebladet). Våre lesartal burde vore større ut frå folketalet i dekningsområdet, og vi burde selt fleire abonnement via nettet.

Gjeldande policy i konsernet er å lukke fleire saker, og det vil også Møre-Nytt gjere. Kunsten er då å halde oppe nettrafikken, og helst auke enno meir, sidan det burde vere potensiale for det.

På eitt digitalt område har vi lukkast godt. Møre-Nytt si Facebook- side har hatt stor vekst i talet på følgjarar, og vi opplever eit frisk debatt rundt aktuelle saker frå avisa, som vert lagt ut på Møre-Nytt si Facebook-side. Denne debatten fører igjen til nye saker i avis/nettavis. Saker som har skapt debatt er planar om bomring i Ørsta-Volda, planar om nytt opplegg for boshenting og pastor Hans Reite sitt syn på homofili.

Ei av dei sakene som skapte mest oppstyr på rådhuset i Ørsta var overskrifta «Pengane renn ut i Ørsta». Overskrifta var basert på det faktum at kommunen sitt investeringsbudsjett for 2017 er ekspansivt. Kommuneleiinga oppfatta dette som om Møre-Nytt meinte at det var uansvarleg pengebruk, men det var ikkje intensjonen. Saka viste etter redaktøren sitt syn at det er låg terskel for kva kommuneleiinga i Ørsta oppfattar som negativ omtale.

Møre-Nytt har fire journalistar og ein redaktør som også er dagleg leiar. Den nye leiarmodellen fører til at redaktøren har mindre tid til redaksjonelt arbeid enn det som låg tidlegare i stillinga. Alle redaksjonelle støttefunksjonar er vekke, og journalistane/redaktøren må bruke mykje arbeidstid knytt til produksjon/deskarbeid/ dagleg drift. Samstundes er det aukande krav knytt til nettavisa. Dermed vert det mindre tid til å drive fram eigne saker, oppsøke fleire kjelder og å kome seg ut av kontoret for å møte folk.

Det er vanskeleg å satse sterkare på nett utan at det går ut over papiravisa. Det er eit dilemma så lenge papirutgåva står så sterkt i lokalsamfunnet som det Møre-Nytt gjer, både i forhold til lesarar og annonsørar.

Etikk

Møre-Nytt har ikkje hatt PFU-saker i 2017.

Svein Aam, ansvarleg redaktør




FREDAG (REPORTASJEN)
KULTURPERLE OG HAGEFRYD

(INTERVJEU)
●● Det er her vi finner flest BMW-er per innbygger på verdensbasis.
Morgan Wærn

• 275 personer om 275-årsjubilanten Molde
– **Mitt Molde**

Vi har spurt 275 mennesker om hva de synes er det beste med Molde

Hva er det beste med Molde? 275 barn, ungdom, voksne og eldre svarer i Herte for Romsdal.

I DAG 32 SIDERS MAGASIN: KJERTE FOR ROMSDAL

NYHETER SIDE 4-5
Døl og Søren Staveland Viken i Bud Synes Hustadvik er flitt.
Ja og nei til Hustadvik
Navnegruppe vil ha «Hustadvik» som nytt kommunenavn. Vi har spurt folk i Ede og Frana, og meningene er delte.

NYHETER SIDE 6-7
Greta Moljord (r.v.) sammen med dottera Karen og lilla Emil.
Frykter noen skal bli påkjørt
Mange kjører med høy fart gjennom gardestun i Mefjordens Visnes. Babberne er redd det skal skje ulykker, og vi har nedsatt fart.

NYHETER SIDE 2-3
Trønderflørt forsinker ferjepakker

Romsdals Budstikke

Romsdals Budstikke har i 2017 gjort et kraftig taktskifte når det gjelder å ta seg betalt for det redaksjonelle stoffet. Vi har øket pluss-prosenten på nettfronten fra ca 20 til 40-50 prosent. Samtidig har vi innført vesentlig tidligere deadline for papiravisa. Dette har medført at vi for alvor har tatt konsekvensen av «digitalt først». Redaksjonelt har vi fortsatt satsingen på større, egenproduserte saker. Vi har også prioritert å holde trykket oppe på debattstoffet både på nett og i papiravis.

Legg til hele avisrapporten i min rapport



Gå til rbnett.no

Fakta



Samlet opplag
15154



Utgiversted
Molde



Ansvarlig redaktør
Øyvind Brunvoll
(58) (konst.) (Ole
Bjørner Loe
Welde i
permisjon)

Romsdals Budstikkens dekningsområde



Daglige lesere totalt

 43300

Daglige brukere på nett

 24400

Daglige brukere på mobil

 17700

• Antall sider
produsert
10572

• Redaksjonelle
årsverk 22

• Fordelir
stoff/an

• Antall lederartikler 302

- Antall kommentarer 100
- Antall innlegg på nett 400
- Refuserte innlegg på nett 0
- Antall gjestekommentarer 80
- Antall leserinlegg 1600



Kommer ut
Mandag til lørdag

De aller fleste mannlige kollegene behandler oss med respekt og likeverd. Det er ukulturen hos noen få vi må komme til livs

har motvert innvilgede leger og studenter til et prop mot trakassering og maktmisbruk, grunn til å tro at skjær her, sier Birikhaug, leder agers forening i are og Romsdal.

